

Utfordringar og nye vegar i spesialundervisninga knytt til tidleg innsats

Peder Haug

Høgskulen i Volda

Innlegg på Statpedkonferansen, 16. mars 2016

Tidleg innsats og spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp

- Førestellinga er at tidleg innsats vil ha stor og positiv verknad:
 - Førebygging: Hindre at det oppstår problem eller vanskar for barn og elevar. Å førebygge er langt enklare enn å reparere.
 - Tiltak: Når det er mistanke om problem eller vanskar skal det settast inn tiltak med det same.
- Realitetane er varierende, men lite tidleg spesialpedagogisk innsats.
 - Varierende grad av førebygging, mykje reparasjon.
 - Varierende omfang av tilpassa opplæring i ordinær undervisning.
 - Omfanget av spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning aukar med alderen.
 - Varierende grad av rask handling når det er mistanke om vanskar eller problem.
 - Ventelister og lav fleksibilitet.
 - Motstanden mot å greie nærare ut om moglege vanskar (diagnostisering) og vente- og sjå haldninga er utbreidd, laissez fair og vom Kinde aus.
- Spesialpedagogikken er mest nytta til å reparere, og mindre grad nytta til å førebygge.

Hovudutfordringa i opplæringa

- Skulen er berre tilpassa om lag to tredeler av elevane som går der. Opp mot ein tredel av elevane går i ein skule som ikkje er konstruert for dei (Midtlyngutvalet, NOU 2009: 18). Kor mange barn barnehagen passar godt for er meir uvisst. Også der er det utfordringar, men dei er lite kartlagde.
- Barnehagen og skulen har skapt ein standard for kva som skal til for å lukkast der. Dei som ikkje tilpassar seg standarden får problem.
 - Nokre av desse får spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning, men slett ikkje alle.
- Skulen (truleg også barnehagen) har alltid fungert urettferdig, men kunnskapen og medvitet om det har auka den seinare tida.
 - Relativt mange som ikkje finn seg til rette.
 - Relativt mange underyttrarar.

Barnehagen og skulen er ikkje konstruert for alle.

- Grunnskulelova frå 1975 sameinar lov om folkeskulen (1969) og lov om spesialskular (1951).
 - Grunnskulen = folkeskulen + spesialskulen
- Blom-komitéen førebudde saka (1971). Premissen var at «De foreslåtte lovregler bør så lang det er råd søkes integrert i forslaget til lov om grunnskolen.»
 - Det vil seie at omsynet til spesialundervisninga skal tilpassast «folkeskulen», og at forhold som gjeld for «folkeskulen» ikkje skal endrast som ei følgje av at spesialundervisninga no skulle verte ein «integrert» del av grunnskulen.
- Påstand: Det er kanskje på tide å endre på denne premissen, fordi han har fungert som assimilering meir enn inkludering.



Regelverk og profesjonalitet


- Spenning mellom intensjon og realitet
 - Lett å vere ideel og ideologisk.
 - Ulike "lag" og nivå med formuleringar og realiseringar.
 - Handlingsrommet gir vilkår for institusjonell og personleg tolking.
 - Det "normale" er brot mellom det ein vil oppnå og det som skjer.
- Midtlyngutvalet (NOU 2009:18). Regelverket er godt nok, det må følgjast opp i praksis. Er kjennskapen til regelverket god nok?
- Å følgje regelverket er ingen garanti for at målsettinga med regelverket blir nådd.
 - Spesialundervisning (mange får spesialundervisning, men utbyttet varierer).
 - Mobbing (At planane er på plass sikrar ikkje at dei blir følgde).
 - Nasjonale prøver (At dei blir haldne, treng ikkje påverke undervisninga).
- Eit kvart regelverk krev profesjonell handling, ikkje berre forvaltning eller administrasjon.
 - Kvalitet i det pedagogiske arbeidet er garantien for gode resultat i all opplæring.

Løysingar

- Fleire må få spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp, og fleire må få meir og betre spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp.
- Endre den ordinære opplæringa (har vore ei målsetting sidan 1975, og i alle fall sidan omgrepet «tilpassa opplæring» kom i 1976).
- Begge deler synest å vere problematisk, Samtidige politiske prioriteringar er opptekne av andre grupper enn dei som strevar.
- Løysinga:
 - Bygge inn spesialpedagogisk kompetanse som del av ordinær opplæring!
 - Følgje opp med spesialpedagogisk kompetanse for dei som strevar!

Bygge inn: Komplementaritet

90 graders vinkel delt i to vinklar



- Når den ordinære opplæringa er god (A), vert det mindre krav til spesielle tiltak (B)
- Når den ordinære opplæringa har manglar (B), aukar behovet for spesielle tiltak (A).
- Å auke kvaliteten på den ordinære opplæringa er den viktigaste førebygginga (tidleg innsats).
- Spesialpedagogisk innsikt kan nyttast meir i ordinær opplæring.

Bygge inn!

Kva spesialpedagogisk kompetanse kan/bør bidra med i ordinær opplæring.

- Inngående kunnskap og kompetanse om barn og unge, oppvekst og utvikling.
- Inngående kunnskap om individuell læring.
- Innsikt i kven som strevar og kvifor dei strevar.
- Kunnskap om kva som er god opplæring - for alle.
 - Eksemplarisk heller enn encyclopedisk tilnærming, dvs. tid til læring!
 - Kvalitetsaktivitet, gjere noko som gir meining, unngå den tekniske instrumentaliteten.
 - Unngå forventningsfallet.
 - Støtte til læring, frå lærarar og medelevar.

«Bygge inn»

er eit omfattande utviklingsarbeid

- [This] ... must be seen as a reform process. For it to work, many new attitudes need to be formed and practices developed, not only among education professionals, but accross communities and societies as a whole. (OECD, 1999, p 51.)

og er ei utfordring for

- Kunnskapsdepartementet
- Utdanningsdirektoratet
- Lærarutdanninga
- Skule-eigarar
- PPT
- Skuleleiarar
- Lærarar
- Spesialpedagogar

PPT - i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling

Store skilnader mellom skulane i ein kommune på mange område:

Elevtrivsel


Relasjonen lærar-elev

Motivasjon og arbeidsinnsats

Undervisningskvalitet

Lærarsamarbeid

Lærartrivsel



Korleis få til tidlegare tiltak?

- Levandegjere idealet om inkluderande barnehage og skule, (jf. Essunga kommun).
 - fellesskap, deltaking, medverking og utbyte.
- Betre kompetansen til å
 - arbeide med IOP, planlegge og gjennomføre spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning og vurdere denne opplæringa.
 - å forstå barn og elevar si læring og utvikling i barnehage og skule.
- Strukturelle tiltak
 - Nærare samarbeid mellom barnehage og skule og innom skulen.
 - Nærare tilknytning mellom PPT, barnehage og skule.
 - Meir fleksibel bruk av personale i barnehagar, skular og kommunar.
 - Økonomiske insitament.
 - Tilsyn.

I kva grad har spesialundervisninga/den spesialpedagogiske hjelpa dei nødvendige kvalitetane?

- Bildet er uklart, fordi:
 - Tiltaka kjem ofte for seint.
 - Vi har avgrensa kunnskap om innhaldet i spesialundervisninga og om resultatane av spesialundervisninga.
 - Samtidige politiske prioriteringar er opptekne av andre grupper enn dei som strevar mest i skulen.
 - Dei faglege utfordringane i spesialundervisninga er ofte diffuse.
 - Spesialundervisninga har ein dobbel funksjon.
 - Ideologi påverkar området mykje.

Tidleg innsats er ikkje alt ...

- Hovudutfordringa er ...
 - på kva grunnlag ein elev får enkeltvedtak om spesialundervisning
 - det som skjer etter at ein elev har fått enkeltvedtak.
- Det er mykje merksemd om å få spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp, og om omfanget av tiltaka.
- Det er mykje merksemd om organiseringa av spesialundervisninga og den spesialpedagogiske hjelpa.
- Det er mindre merksemd om kvalitetane ved den opplæringa elevane får, både den ordinære opplæringa og spesialundervisninga.
 - Den tekniske og instrumentelle orienteringa står svært sterkt i skulen, truleg også i PPT.
- Å følgje opp spesialundervisninga/spesialpedagogiske hjelpa er heilt avgjerande skal tidleg innsats fungere godt.

Utbyte av spesialundervisninga

- Potensialet for læring blir ikkje alltid utnytta
 - Spesialundervisning handla mykje om at lærar viser elevane kva dei skal skrive og kvar dei kan finne svar, forenkla og instrumentell orientering.
 - Forventningsfallet er stort.
 - Oppgåvene elevane arbeider med går tett på det elevane strevar med fagleg.
 - Elevane er lite interesserte (motiverte) i oppgåvene.
- Spesialundervisninga har eit stort potensial for læring
 - For mange fungerer ordinære tilpassa opplegg betre enn spesifikke læreplansrettede tilpassa metodar.
 - Spesialpedagogisk kompetanse aukar sjansen for godt utbyte av spesialundervisninga.

Vegane inn i tidlege tiltak (no quick fix)

- Akseptere mangfaldet, og at nokre treng meir merksemd enn andre.
- Kvaliteten på den ordinære opplæringa.
- Kunnskapen om barn og elevar
- Kven som får spesialundervisning, og på kva grunnlag.
- Kven som skal undervise i spesialundervisninga.
- Korleis spesialundervisninga blir organisert.
- Kva spesialundervisninga faktisk går ut på.